

Saksbehandlar: Eva Solhaug Fosshagen, Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 16/7996-2

## **Søknad om ruteløyve Balestrand - Hella - Fjærland**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:**

Maritime Management AS får tildelt ruteløyve på strekninga Balestrand – Hella – Fjærland på følgjande vilkår:

- a) Ruteløyvet gjeld i 10 år frå 01.06.17 til 01.09.26.
- b) Ruta skal gå i perioden 01.06 – 31.08.
- c) Krav til god vandel og tilfredsstillande økonomisk evne skal vere oppfylt i samsvar med til ei kvar tid gjeldande regelverk.
- d) Rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i fartøyet og visast fram ved ein eventuell kontroll.
- e) Fartøyet som vert nytta i rutedrifta skal til ei kvar tid fylle gjeldande vilkår stilt av sjøfartsstyresmaktene.
- f) Endring i rutetidene skal godkjennast av samferdsleavdelinga.
- g) Operatør må ha avtale med eigar av dei ulike kaiane på dei klokkesletta dei søker om ruteløyve på.

Vedlegg: Rutetabell og prisar

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Maritime Management AS har dei to siste sesongane utført ruta Balestrand – Hella – Fjærland for The Fjords. Maritime Management AS søker om ruteløyve for perioden 01.06 – 31.08.

Med eit ruteløyve kan Maritime Management AS drive langtidsplanlegging og marknadsføring av tilbodet.

### **2. Vurderingar og konsekvensar**

I yrkestransportlova § 7 punkt 1, står det at den som mot vederlag vil drive persontransport i rute med luftputefartøy eller anna fartøy over 8 m lengde tilsvarande 4 bruttotonn, må ha ruteløyve.

I § 4 i yrkestransportforskrifta punkt 2, står det at løyve kan tildelast den som har

- a) god vandel
- b) tilfredsstillande økonomisk evne og
- c) tilstrekkeleg fagleg kompetanse

Ved søknad om ruteløyve på fartøy gjeld ikkje punkt c, jf. § 8 3. punkt i yrkestransportforskrifta.

Eit løyve gjeld i 10 år, jf. yrkestransportlova § 27 punkt 2.

#### Andre opplysningar

I dag har The Fjords ruteløyve på denne strekninga, gjeldande ut 2018. Dei opplyser i e-post 12.10 at dei ikkje har nokon innvendingar mot at Maritime Management får tildelt ruteløyve på Fjærlandsfjorden frå og med 2017. The Fjords kjem ikkje til å utføre noko rute sjølv på Fjærlandsfjorden.

### **3. Søknaden**

Maritime Management AS søker om ruteløyve mellom Balestrand – Hella – Fjærland på desse avgangstidene:

Frå Balestrand kl. 08.00 og kl. 12.00 til Hella og Fjærland  
Frå Fjærland kl. 09.45 og 15.20 til Hella og Balestrand

Dei skriv i søknaden at dei skal nytte MS Fjord Lady i 2017. Denne vil auke passasjerkapasiteten og gje passasjerane betre komfort.

### **4. Konklusjon**

Fylkesdirektøren ser det som positivt at det vert søkt om ruteløyve på Fjærlandsfjorden for 10 år.

Hovudutval for samferdsle har ikkje sett eit øvre tak for kor mange ruteløyve som kan delast ut når det gjeld kommersielle ruter på strekninga Balestrand – Hella – Fjærland. Difor må alle som tilfredsstillar krava i yrkestransportlova få tildelt ruteløyve.

Operatør må sjølv gjere avtale om bruk av kaiene.